

Ålesund kommune



FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Molde, 25. nov. 2022

Høring – nedbygging av eit friområde på Stette

Vi viser til offentlig ettersyn av forslag til reguleringsendring for Sagatun, Stette - endring av friområde/leik til boligformål med høyringsfrist 5. des. 2022.

FNF Møre og Romsdal meiner at å sanere eit etablert friområde med begrunning at det er attgrodd og forsøpla ikkje held mål. Vi vil difor råde til å avslå søknad om reguleringsendring på Stette til å byggje bolig i friområdet. Om ein eventuelt ønskjer å regulere om friområdet, må dette gjerast på ein heilheitleg og overordna måte der ein ser eit større område og ser fleire gamle reguleringsplanar samla.

Vi les at hensikta med plana er å regulere om eit regulert friområde til boligformål.

Vi les i planskildringa av 03.11.2022 mellom anna; «*Bakgrunnen for søknad om dispensasjon, og nå planendring, er at området gror igjen, og det benyttes som lokal avfallsplass for hageavfall. Beboere i området har bedt forslagsstiller om ikkje de kan sette arealet i stand, slik at det ikke er til sjenanse lenger for området.*»

Slik vi les dette er det attgroing og forsøpling ved hageavfall som er begrunnelsen for å byggje ned friområdet. Attgroing er noko som går att over alt i landet vårt, også her, men dette er ikkje ulovleg. Forsøpling er noko kommunen må rydde opp i og reagere på i høve til

forureiningslova. Det hjelper ikkje at det blir sagt at det berre er hageavfall, vår erfaring er at blir det dumpet hageavfall så blir det også dumpet anna avfall samt at det blir dumpa framande artar (planter). Vi ber med dette om at Ålesund kommune tek tak i forureininga på friområdet og pålegg den som har forureina om å rydde opp. Vi ønskjer uansett utfall av saka om å bli orientert om kva kommunen gjer då dette er eit enkeltvedtak også om eit pålegg ikkje blir gitt jfr tredje ledd i forureiningslova § 37.

Vi les frå referatet frå oppstartsmøtet; «*Omgjøring av formålet friområde- lek til bolig er ikke i tråd med rikspolitiske retningslinjer for barn og unge sine interesser i planlegging, med mindre det skaffes fullverdig erstatning. Ettersom det regulerte friområde-lek ikke er opparbeidet og heller ikke er i bruk anser vi at fullverdig erstatning av arealet kan sikres gjennom et kvalitetsløft og opparbeiding av eksisterende og regulert lekeplass nordøst i planområdet.*»

Vi les i planbeskrivelsen av 03.11.2022 at; «*... det er nok felles leikeareal med god kvalitet.*» Blant anna blir det vist til eit område på 390 m² som vil bli opparbeida som nærleikeplass (sjå kart under). Under dette punktet står det; «*I nærområdet, innenfor gjeldende reguleringsplan, er det nok felles leikeareal med god kvalitet. De innfrir kravet i kommunedelplanen for Skodje om 36 m² per boenhet. Leikearealene har god kvalitet, solrik plassering og er adskilt fra kjøreveg med gjerder eller beplantning.*»



Figur 13 Uteoppholdsareal Lek/fritid og andre i nærområdet.

Utdrag frå planbeskrivelelsen av 03.11.2022 som viser erstatningsareal (side 15)


Nyleg tekne flyfoto tyder på at dette erstatnings-leikearealet er flatt bestående av grus/asfalt og ligg inn i vegen og blir brukt som parkeringsplass (sjå flyfoto under). Dette kaller ikkje vi fullgodt erstatningsareal og eit godt bytte mellom fellesinteressene og private interesser. Ungar treng natur og ujamn mark, ikkje flate grusplasser inn i veg eller gummierte leikeplassar. Og dette med at eksisterande leikeareal ikkje er i bruk kan vel skyldast fleire årsaker. Om dette står det ingenting i nemnd i saksutgreiinga, men vi kan jo tenkje oss fleire grunnar som eigarskap til tomta, lite med ungar akkurat no her etc



Flyfoto frå Stette med ring rundt erstatningsarealet (Gislink)


Så kjem det i planbeskrivelsen ei vurdering under punktet Interessesmotsetningar der det mellom anna blir sagt; «*I gjeldende plan er det avsatt rikelig utearealer til lek og fritid. Selv etter omdisponeringen er det nok lekeareal i henhold til gjeldende KDP for Skodje. Eneste betingelsen er at det ikke etableres flere enn 40 boenheter innenfor hele gjeldende reguleringsplan.*»

Når vi ser på overordna nivå, dvs kommuneplana for Skodje 2019-2029 (PlaniD: 1529K16001) så er alt areal rundt friområdet frå vegen og ned til sjøen avsatt til bolig (sjå kart under).



Kartutsnitt kommuneplan Skodje 2019-2029

Når ein så tek uttrekk for reguleringsplan for det same området ser ein at berre bitar av det same reguleringsområdet avsatt til bolig i kommuneplana, er ferdig regulert med ei oppdatert reguleringsplan (sjå kart under).



Kartutsnitt reguleringsplanar ved Stette



Dette tolkar vi som at desse reguleringsplanene ikkje heng i hop og at tal boeiningar ikkje er styrt på overordna nivå. Med andre ord vil eit vilkår om at ein får sanere eksisterande leikeplass så framt ein ikkje byggjer over 40 bueiningar, vere eit vilkår som ingen har sjangs og/eller ønskje om å følgje opp. Vår konklusjon på dette er at ein må sjå fleire reguleringsplanar samla for å planleggje behovet for leikeplassar på staden.

Samstundes har vi erfaring frå liknande stader at snarvegane i bustadfelta er ei utfordring vi må ta på alvor. Ein ting er stien som er regulert på austsida av noverande friområde og som går retning nord/sør (ikkje opparbeidd?), men kva med ferdsel vestover på Leitevegen i nær framtid? Nedbygging av dette friområdet kan fort føre til at snarvegen både sør- og vestover blir plugga att av private interesser, noko fellesskapet ikkje er tent med.

Til slutt saknar vi barnerepresentanten sitt fagleg råd i ei slik sak. Det er vel ikkje ei meir tydeleg oppgåve for ein barnerepresentant når ein kommune har tenkt å fjerne ein leikeplass.

Helsing

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvalteren i Møre og Romsdal